

Arkitektkontoret Børteit & Carlsen As  
Hagellia 6  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/5849 - 22/59073

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
03.08.2022

## Førebels svar på søknad - gbnr 188/384, 188/416 og 188/421 Gjervik ytre

Tiltak: Bustadblokker  
Byggjestad: Gbnr 188/384, 188/416 og 188/421  
Tiltakshavar: Orion Prosjeikt AS  
Ansvarleg søker: Arkitektkontoret Børteit og Carlsen AS

Vi stadfestar å ha motteke dykkar søknad om rammeløyve 07.07.2022. Saka har saksnummer 22/5849.

Saka vert no gått gjennom i høve til dokumentkrava som er sett i plan- og bygningslova med forskrifter. Dersom det er trøng for tilleggsdokumentasjon vert dette etterspurd i eige brev.

Hovudregelen er at tidsfristane skal haldast, men fristen vert likevel avbroten dersom søknaden ikkje er komplett. Den tida det tek ansvarleg søker/tiltakshavar å senda inn tilleggsinformasjon til søknaden vert ikkje rekna med i sakshandsamingstida.

Dersom søknaden krev løyve eller samtykke frå anna styresmakt (t.d. veg, vatn og avløp), vert fristen automatisk forlenga med den tida det tek å innhente løyve eller samtykke.

Sakstype	Tidsfrist
Søknad om løyve til tiltak etter § 20-3, som ikkje medfører dispensasjon frå plan.	12 veker
Søknad om dispensasjon frå plan etter §§ 19-1 og 19-3 eller søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-1, 20-3 og 20-4 som krev dispensasjon frå plan. Fristen går ikkje i den tida søknaden ligg til uttale hjå statlege og regionale myndigheter. Frist for uttale er 4 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-5.	12 veker
Søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-2 og 20-3, der tiltaket er i samsvar med reglar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og der det ikkje ligg føre merknader frå naboor /tverrbuarar, og løyve, samtykke eller uttale frå anna mynde (t.d.	3 veker

jordlov, kulturminnelov, fylkesmann) ikke er nødvendig. Dersom fristen ikke er halden, vert løyve rekna som gjeve og arbeidet kan setjast i gang. For søknad om løyve til tiltak etter § 20-4 gjeld 3 vekersfristen uavhengig av om det ligg føre merknader fra naboor/tverrbuarar. Løyve vert rekna som gjeve og arbeidet kan setjast i gang.	
Søknad om rammeløyve og søknad om endring av rammeløyve.	12 veker
Søknad om igangsetting	3 veker
Søknad om ferdigattest der komplett søknad er sendt inn. Dersom fristen ikke er halden kan byggverket takast i bruk.	3 veker
Søknad om mellombels bruksløyve, der komplett søknad er sendt inn. Byggverket kan ikke takast i bruk dersom fristen ikke er halden.	3 veker

Det kan i den enkelte sak avtalast lengre frist.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått.

### Regelverk

- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) kapittel 7, jf. plan- og bygningslova (tbl) § 21-7.
- Lengre frist kan avtalast, jf. tbl § 21-8.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

### Kopi til:

Orion Projekt As Postboks 449 Nesttun 5853 BERGEN

### Mottakarar:

Arkitektkontoret Børteit & Carlsen As Hagellia 6 5914 ISDALSTØ